

Utvandring til Amerika frå Steindalen

oo

Av Olav Stedal



”Det var alltid trist når nokon reiste til Amerika,” sa Reinhard Steindal då vi snakka om det i 1991. Han hugsar fleire som reiste, og den fyrste han minstest var Simon Oppi Tuna som kom i Høgjen og bad velleva. Ola i Høgja var gudfaren til Simon, og gav han ei bok og sa: ”Denne må du lese i av og til.” Tårene rann av dei begge då dei tok i handa og sa farvel, fortalde Reinhard.



Norske kjenningar i Amerika prøvde å halde kontakt. Her har naboar frå Steindalen treft kvarandre. T.v. Simon Oppi Tuna som reiste i 1911, og Lars Uti Tuna som reiste i 1907. Lars kom heimatt, Simon vart verande.

Dette er typisk for stemninga mellom nære vener når nokon reiste til Amerika den tida, frå Steindalen, og mange andre stader i Sunnfjord, og frå landet vårt. Det var litt av ein prosess dei måtte gjennom før dei la ut på den ferda. Det å reise til Amerika då, var i mange tilfelle å reise utan å kunne rekne med at ein skulle komme att. Det var det som gjorde det så tungt. Dei som skulle reise, gjekk frå hus til hus i grenda, tok i handa og bad farvel. Det var ei tung gonge, og mang ein hardhaus var mjuk som voks ei slik stund. Det å bryte opp frå heimen og heimlandet, frå næraste slekt og vener, frå heile det kjende og kjære heimemiljøet, det var for mange som ein operasjon der ein måtte leggje frå seg av det næraste og kjæraste ein hadde. Det var å slite røter.

Mor fortalte om avskilsstunda i 1911 med den 20 år gamle broren, Simon. Ho var to år eldre og følgde han på vegen til Svardalen. Der sa dei velleva. ”Eg er redd eg aldri kjem til å sjå deg meir,” sa ho medan tårene rann. ”Å, jau,” svara han, ”eg kjem igjen. Når eg har vore der nokre år og tent pengar, kjem eg att.” Men han kom ikkje att, såg aldri meir fedrelandet.

Det var ikkje berre i Steindalen og Sunnfjord det var slik. Ein husmann fylgde den nymgifte dottera til Amerika-båten. Då han kom heim, sa han: ’Aldri før har eg vore med å gravleggje levande menneske.’ Så hardt opplevde han avskilet med dottera, som ei gravferd.¹

På utstillinga Tur-Retur Amerika, på Norsk Folkemuseum på Bygdøy, fann eg denne emigrantvisa:

*Farvel Norrig! Signet være!
Haard og streng du stedse var.
Som en moder jeg deg ære
om mit brød du knapt meg skar.*

Mange kunne truleg skrive under på dette.

Ragna Steindal Strømmen f. 1913, fortel at Anfinn Svardal, son til Olaus, kom i Steindalen og sa farvel før han reiste. Ragna og broren Magnus og fleire andre ungdommar fylgde han ned att på Skolten der dei sa farvel og song: Farvel du moder Norge, nu reiser jeg fra deg!



På Amerikabåten. T.h. lengst bak: Lars Stendal

Etter lister frå Statsarkivet i Bergen og andre opplysningar kjenner vi desse frå Steindalen som reiste til Amerika:

Simon Olsson Stendal fødd 1838 på Helle i Naustdal, og kona Andrea Gunnarsdotter fødd kring (f.kr.) 1840 på Indrekvam i Naustdal, reiste med 6 born frå husmannsplassen Kjernehaugen i 1881: Anna Larsina f. 1866, Olai Matias f. 1868, Gabriel f.kr. 1871 i Kinn, Nele Sofia f. 12.1.1873,

Johannes Olaus f. 7.11.1875, Olianna Lovisa f. 13.9.1878.

Per N. Stendal Einevoll, I Høgja, f. 22.2.1865, reiste 1901 og 1910. Kom heim att.

Mads N. Stendal Horstad, I Høgja, f. 28.1.1875, reiste 1907. Kom heim att.

Lars O. Stendal, Uti Tuna, f.23.10.1882, reiste 1907-1913, og 1915-1916. Kom att.

Samson J. Stendal, På Høgane, f. 16/6-1886, reiste i 1909, til Kent, Wash. Kom att.



Simon Ivar Korneliusson Stendal

f. 29/3-1891, dpt. 17. mai 1891, død i Kent 3/3-1980. Til USA i 1911. Død i Kent, Washington 3/3-1980. Arbeidsformann i skogen. Gift 1919 med Bertha Carlson, av norsk ætt, f. 13/8-1892 d. 25/5-1958. Minneartikkel i *Firda* om Simon i julenr. 1980. Born: a. Inga Noreen, f. 13/11-1921, gift 1943 med Thoralf (Bob) Tømmervik, b. Ruth.



Johan Sigurd Korneliusson Stendal,

f. 23/4-1901. Til Kent i USA i 1923. Skogsarbeidar og farmar. Død i Kent, Wash. 10/8-1986.

Gift 1931 med Alma Nesland, av norsk ætt, f. 4/1-1902, d. 5/1-1974. Minneartikkel i *Firda* i julenr. 1986. Born: a. Marilyn f. 12/1-1936, gift 1956 med Ken Brossard, fire born: Karen fødd 27/9-1957, Linda f. 24/2-1959, Regan f. 26/9-1960, Stephanie f. 13/1-1962. b. Joanne f. 1/5-1941, gift med Jon Donnellan f. 5/6-1940 av svensk og irsk slekt, to born: Grant f. 5/8-1968, Glenn f. 26/8-1969. Grant Donnellan er fiolinist, og er professor i musikk ved Whatcon University. Glenn er fiolinist og spelar i nasjonalorkesteret i hovudstaden Washington.



Ei musikarfamilie på høgt nivå.

Karl Ivar Andreasson Stendal f. 9/3-1907, d. 25/5-1989 i Minnesota. Reiste i 1926 til USA. Skogsarbeidar i 10 år. Utdana seg til prest. Gift 1940 med Christine Johnson, frå Kent Washington, av norsk ætt. Minneartikkel i *Firda* julenr. 1989. Born: Dean f. 31/3-1944, David, Paul.



Torfinn Stendal f. 1910 var musikalsk med sjeldan god songstemme og godt musikalsk minne. Han spelte også litt fele. Hardingfela fekk han av broren, Harald, då han etter 31 år i Amerika var heime på besøk i 1958. Biletet er teke i heimen hans i Kent, Washington i 1991 av Einar Eimhjellen.

Torfinn Daniel Andreasson Stendal

f. 6/2-1910, død 29/10-1999 i Lacey i Washington. Reiste til USA i 1927, busett i Kent Washington. Han dreiv skogsarbeid, laksefiske, anleggsarbeid. Gift 1947 med Ruth Rhoades f. 2/7-1925 i USA av engelske foreldre, utdانا sjukepleiar, d. 5/1-2002. Born: Ellen f. 8/8-1948. Bruce f. 16/8-1949. Arvid f. 28/2-1952, d. 2/6-2002. Sonja f. 7/11-1963. Minneartikkel om Torfinn i *Firda* 30/12-1999.

Kristoffer Amund Samsonsson Stendal, f. 11/10-1876 i Kinn, gift 1896 med Rise Maria Abrahamsdotter Stendal f. 14/4-1870 på Høgane reiste i

1909, 1913 og 1926, til Idaho, vart verande i USA. Den norske familien hans budde på Soltveit i Radøy. Dottera til Kristoffer og Rise Maria, Martha Sirena f. 22/9-1898 var gift med Olaf Jansson Rakneberg frå Fjaler f. 1890. Dei reiste til USA, og Martha døydde i Finley, Nord-Dakota, over 104 år gammal. Ola N. Stendal, I Høgja, f. 10/2-1863, reiste i 1914. Kom att.

Martin Andreas Gunnarson Stendal, På Sørboøna, f. 3/9-1900, død 1968, reiste i 1924. Han var gift med ei enkje og hadde borna Arthur og Flora Marie. Busett USA.

Olaus Gunnarson Stendal f. 4/11-1902 På Sørboøna, reiste i 1923. Busett USA. Gift med ei dansk dame, Kristianne. Han var så storvaksen at arbeidskameratane kalla han "Big Ole". Han omkom på skogsarbeid 1961.

Gunnbjørg Gullaksdotter Stendal, I Lia, f. 25/4-1897, død kring 1978 i staten Washington. Ho var gift med Ludvig Samsonsson Stendal frå Standalen i Flora, fødd 8/10-1896 død i Lacey Washington i juni 1980. Busett USA. Etter opplysningar frå slekta hadde dei desse borna: Hillborg, Odd, Clare, Louise, Astrid.

Marta Sirena Kristoffersdtr. Stendal, f. 22/9-1898 På Høgane, gift 1916 med Olaf Jansson Rakneberg frå Fjaler f. 1890 Dei reiste 1916 til Finley i Nord Dakota. Martha Sirena døydde i Finley 10/4-2003, over 104 år.

Vi ser at av 23 som reiste, kom berre fem heim att.

I tillegg må nokre fleire med tilknytning til Steindalen nemnast.

Andreas Peder Stendal f. 1880 son til Nikolai og Karen Stendal, som ei tid budde i Lia i Steindalen, reiste i 1909 til Monohon i staten Washington. Han kom att, og budde seinare i Måløy.

Andreas Olai Gabriellsson f. 1862 budde ei tid i Espene i Steindalen, men flytta til Langedal. Derfrå reiste han til Amerika i 1909, til broren Simon Gabriellsson frå Trodalsstranda i Naustdal som var farmar i Nord Dakota (NBB II s. 529). Der var Andreas i 2-3 år og arbeidde på ymse farmar før han reiste heim att.

Dei to eldste sønene til Andreas Olai og Rise, Gabriel og Daniel, var fødte i Steindalen men då familien flytta til Langedal, vart Langedal etternamn. Gabriel Andreasson Langedal f. 1891 reiste i 1912 til Nord Dakota, til farbroren Simon Gabriellsson. Saman med broren, Daniel, som kom året etter, reiste han frå farm til farm om haustane på tresking der fleire mann snudde treskemaskina med handemakt. Dei sleit fælt på dette arbeidet og sov i hus som likna på utløene i Noreg, er det fortalt. Gabriel slo seg seinare ned i Keokuk i det sørlege Iowa. Han dreiv ymse anleggsarbeid, m.a. bygging av bruer. I Amerika tok han etternamnet Anderson. Han var med i USA sine infanteristyrkar i fyrste verdskrigen i kampen mot Tyskland, og var i krigssona i Frankrike. Han fekk helledådsmedalje.

Daniel Ananias Andreasson Langedal f. 1893, reiste i 1913 til USA, og slo seg etter ei tid ned i Decorah i Iowa.

Også han dreiv med anleggsarbeid, og bygde bruer over elvar og vegkryss. Han var arbeidsleiar og hadde mange mann av ulik nasjonalitet i arbeid. Under verdskrigen 1940-1945 var han med å bygge båtseksjonar, og han dreiv seinare med husbygging. Han var med i friviljug arbeid i Lutheran Church i Decorah. Det som her er skrive om Andreas Olai og sønene hans, er fortalt av Arnstein Langedal.

Nokre gløtt frå dei som fór

Som vi ser, var dei fleste som fór, enkeltpersonar. Men familien på husmannsplassen Kjernehaugen reiste alle. Simon var frå Helle og Andrea frå Indrekvam i Naustdal, og dei hadde flytta til Steindalen i 1871. Som nemnt, hadde dei ved folketeljinga i 1875 ei ku og tre smalebeist som dei åtte, og tre leigegeiter og eitt smalebeist som andre åtte. Dei sådde 1/3 tønne havre og sette ½ tønne poteter. Kor kunne vel ein familie med seks born, som dei då hadde, leve av dette - Ikkje underleg at Simon og Andrea såg seg om etter betre levebrød. Vi veit ikkje korleis dei skaffa pengar til billett til så mange. Heller ikkje veit vi korleis det gjekk med dei i Amerika, men får vone dei fekk betre kår, der i det rike landet, enn det Steindalen hadde å by dei. Der var i alle fall meir tilgang på jord.

Dette året då familien frå Kjernehaugen reiste, i 1881, er eitt av dei største emigrasjonsåra, då ca. 26 tusen norske emigrerte. Året etter var toppen med ca. 29 tusen emigrantar, og i 1904 fór ca. 27 tusen. Forholdsvis mange av dei som reiste frå Steindalen, kom att. Til samanlikning finn vi at på landsbasis i tida 1846 til 1930 emigrerte 851842 norske. Av desse kom 166 362 attende. Netto utvandring dette tidsrommet vart då 685480 personar.²

Gullgravaren - frå Steindalen til Alaska



«On Board S. S. «Victoria» in Nome Roadstead, June 12th, 1910.» - står det under dette bilete. Lars Stendal står midt på biletet, og ein busenist legg handa ned på høgre skuldra hans. Foto: Lomonosov, Nome, Alaska.

Om bord S.S Victoria, juni 1910 på veg til Alaska. Lars Stendal midt på biletet der ein mann legg handa på skuldra hans.

Då rykta om gullfunn i Alaska nådde Steindalen, sa han Lars Uti Tuna f. 1882: "Dar ska æ bort å grave gull!" Faren svara: "Å, dinn stakkars krype!" Dette svaret frå den ca. seksti år gamle faren er uttrykk for at det nær på var utenkjeleg, at den vesle spjælingen av ein gutunge skulle komme til Alaska; han var nok dømd til andre kår i livet, trudde faren. For gutungen var det då også berre ein uklår draum. Men draumen gjekk i oppfylling.

Han reiste frå Bergen 26. mars 1907 til Albert Lea i Minnesota. I 1910 er han i Nome i Alaska. På eit innråma bilete far hadde på veggen, står det: "On board S.S.

'Victoria' in Nome Roadstead June 12th. 1910." Det er ein flokk menn om bord, kring 60 synlege på biletet. Og far er lett å finne. Han står med hatt og frakk til høgre for masta, og ein kamerat legg handa si ned på høgre skuldra hans.

Nome ligg like ved Beringstredet og var kjend etter gullrushet i 1898. Roald Amundsen kom der i 1906 etter å ha sigla gjennom Nordvestpassasjen med "Gjøa". Kring 1900 hadde byen 30.000 innbyggjarar, men kring 1950 var det berre kring 2000.

Lars var i Nome somrane 1910, -11 og -12, og i Treadwel i Alaska i 1913. Som "gullgravar" arbeidde han for eit company. Og gull fann dei, og tente bra med pengar. Far hadde synlege prov for at han hadde funne gull, eit dobbelt klokkekjede av naturlege gullklumpar som han sjølv hadde funne, og som var lenkja saman av gullsmid. Eit sjeldan smykke, rett eit klenodium, og med gullklokke i vestelomma til best, og eit Elgin-ur i sølv til kvardags. Alaskaring på fingeren og slipsnål med naturleg gullklump var andre smykke han bar, og som minte om Alaska. Ein kveld han sat ved kveldsbordet i Treadwel i Alaska kom det inn på bordet eit telegram frå farbroren, Kristoffer Tobias Larsen i Bergen: "Din far dødssyk. Kom hjem hvis mulig!" Same kvelden ordna han opp i sine saker, arbeidsforhold, buforhold, pengesaker osv - Han skulle heim til Steindalen, og det galdt å vere rask om han skulle nå faren i live. Men reisa var ikkje førebudd, alt måtte takast på sparket, og kommunikasjonane var annleis enn i våre dagar. Allereie neste morgon reiste han, sørover med båt til Seattle-området, med jarnbane over det amerikanske kontinentet til austkysten, og med båt over Atlanteren. I Hamburg nådde han så vidt ein båt som heldt på å leggje frå land og skulle til Noreg. Han klatra inn over bakken på båten og fekk heist koffertane etter.



Då han steig inn i stova i Steindalen og sa god dag, reiste faren seg i senga og sa: ”Æ da du Lars so æ komminn?” Då hadde ikkje Ole Mikal klart å reise seg på lang tid, og det var siste gongen han reiste seg. Den langfarande sonen var kommen heim. Og det var godt både for far og son, og for syster Kristina som hadde vore heime og stelt faren. Dei hadde mykje å snakke om. Og tida var kort og dyrebar. Tre veker etter døydde Ole Mikal, 8. april 1913.

To år etter reiste Lars til Alaska igjen, fyrst til Treadwel og så til Juneau i det sørlege Alaska. Der var han arbeidsformann i gruver. I 1916 kom han attende til Noreg for godt.³

Arbeidsformann i kjempetre-skogen



Simon Korneliusson Oppi Tuna

reiste til Amerika i 1911. Han var 20 år, og som så mange andre reiste han så å seie nesten med berre nevane. Ein vesentleg del av arven han hadde med, var arbeidstrening og arbeidsglede, opplærd av den arbeidsglade faren. Simon hadde god innsikt i arbeid, og hadde lært nøysemd. Med slik arv var ikkje nevane tomme. I tillegg til det han hadde lært heime, hadde han ei tid vore dreng hjå Knut i Osen. Garden hadde fureskog, og dei hadde sagbruk. Der fekk Simon si fyrste opplæring i skogsarbeid. Han kom godt ut av det med husbonden, og det er fortalt at Knut likte han så godt, at han sa: ”Ein slik kar skulle Osen hatt.”

Men han ville ut i verda. Han fór om Bergen til England, derfrå over havet med ”Lusitania”, og med jarnbane til Tacoma på vestkysten i staten Washington. Der fekk han fyrst arbeid på eit sagbruk, men likte betre å arbeide ute i naturen, og byrja på skogsarbeid.

Simon vart ein av dei mest kjende og særmerkte sunnfjordingar i dette området av USA i si tid. Og skogsarbeid vart hans livsverk. Etter nokre år slo han seg ned i Kent der han vart buande.

Han arbeidde for eit skog-company, og gjekk gradane i skogsarbeidet. Trea i desse skogane var veldige, med blandingsskog der fure, sedar, gran og hemlock voks side om side. Douglas-fura var den største, og kunne vere kvistfri 100 fot oppetter stamma, og med så lang stamme at ein kutta dei i opp til fire, kanskje fem lengder på 40 fot kvar. Utruleg, men så langt eg kan skjønne, sant. Sedar kunne vere svært tjukk ved rota, men smalna fortare av.

Tømmeret vart frakta ned frå skogane med jarnbane. For å dra kjempestökkane fram til jarnbana, hadde dei ein eigen teknikk. Dei valde ut eit sterkt og passeleg stort tre, høveleg nær jarnbanelinja. Dette treet vart kvista for greiner, og toppen kutta. I toppen av stamma vart festa ei kasteblokk med vaier gjennom. Så sette dei bardunar på treet og drog stökkane fram med vinsj. Den som hadde arbeidet med å kviste og toppe desse trea, vart kalla highclimber, høgklyvar. For å kunne entre oppetter treleggen, hadde høgklyvaren eit breitt belte om livet og derfrå ei stropp rundt treleggen. Så hadde han sporar feste til innsida av støvlane og leggen, og hogg desse inn i borken på treleggen for kvart steg han entra oppetter. Med seg i beltet hadde han sag og øks, og tau til å dra opp den svære blokka når ein skulle feste henne i toppen. Kabelen som dei drog fram dei veldige trestammene med, kunne vere opp til 1 ½ tomme tjukk, fortalde Karl Stendal.

Ei tid i sin skogskarriere var Simon highclimber. Det same var den yngre broren, Johan, og brorsønene, Karl og Torfinn. Dei kunne ikkje vere sveklingar eller svimren i hovudet, desse karane som skulle arbeide ved treleggen og kutte toppen av trea 30-40 meter over bakken, kanskje endå høgare.

Mange historier er fortalde om Simon; om dei kjempekrefter han hadde, og med nervar som av stål. Naustedølingen Sigvard Ness, som arbeidde i skogen hos han, har fortalt denne historia: Ein gong hadde Simon som highclimber kvista eit tre og var kommen opp mot toppen der treet hadde ei svær kluft. Han saga fyrst eine greina av klufta, og stod på stuvan av den medan han saga den andre. Då greina fall, fekk trestamma ein veldig sleng i seg. Men Simon hogg øksa i trestuven og heldt seg i økseskaftet!

Simon var arbeidsformann i skogen, og var i ein mannsalder det dei kalla superintendent, leiar for skogsarbeidet i

eit større område. Sigvard Ness fortalde at Simon då var sjef for to campar, og med fleire hundre mann i arbeid. Mange av arbeidsfolka var norske, ei tid m.a. eine broren og to brorsøner. Og der var folk elles frå Sunnfjord, frå Eikefjord-området, Naustdal, Førde, og andre stader. Tidvis kunne opp til halve arbeidsstokken vere frå Sunnfjord. Simon fekk såleis mykje å seie for mange sunnfjordingar med di han skaffa dei arbeid, noko som kunne vere vanskeleg å få i fyrste omgang. Skogsarbeidet var hardt, og tempoet kunne vere stridt; og mange fekk seg med tida anna og lettare arbeid.


Om arbeidet var hardt og tempoet stridt, så var Simon vel omtykt av arbeidsfolka. Broren, Johan, sa det slik: 'Han Simon var fantastisk. Han *kunne* skogsarbeidet. Han kunne sjå på eit tre og ruse kubikkinnhaldet, og når ein målte det opp, så stemde det omtrent nøyaktig. Han var ein drivar. Du hadde å arbeide! Hjelpe meg! Men han var god å arbeide for, excellent,' sa Johan. 'Var det noko som gjekk gale, og dei var ute for eit uhell, so ska 'kje du tru han kasta skulda på nokon annan. Nei, då tok han det på seg.'

Som nemnt slo *Simon* seg ned i Kent, som ligg mellom Seattle og Tacoma. I 1919 gifta han seg med Bertha Carlsen. Foreldra hennar var Elias Myhre frå Sunnmøre og Kari, fødd Lee, frå Valdres. Dei tok etternamnet Carlsen, og hadde ein farm i Kent på 160 da som Bertha og Simon seinare overtok og etter kvart selde til tomteland. Det er eit område med mange av norsk ætt, og forholdsvis mange ættar frå Sunnfjord. Seinare slo broren, Johan Stendal, og brorsonen, Torfinn Stendal, seg ned i nærleiken. Olianna og Martin Sørtun frå Eikefjord budde også i Kent. Og Kristoffer og Marianne Ullaland frå Naustdal hadde rydda seg farm der i 1890-åra, som nokre av dei fyrste frå Sunnfjord. Eitt hundreår seinare, i 1990-åra, har Kent vorte "venskapsby" med Sunnfjord-kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal, og det er litt utveksling av ungdom begge vegar. Howard Oliver, oldebarn etter Marianne og Kristoffer Ullaland, er ein av kontaktane i venskapsbyen Kent.

Dette er eit område med vakker og vekslande natur. Det er grøderik jord, mildt og godt vêrlag, store skogar og lier med vakre fjell i bakgrunnen mot aust. Innimellom er fine innsjøar og elvar med laks og aure der steindølingane Simon, Johan og Torfinn stendig var å finne med fiskesnøre. Simon var ein lukkefiskar som nesten alltid fekk laks eller aure. Han hadde kanskje lært kunsten i lakseelva i Osen då han var dreng på garden.

Simon og Bertha tok av høveleg tomt og bygde eit fint bustadhus der dei to døtrene, Inga Noreen og Ruth voks opp. På tunet monterte Simon opp klokka frå skogscampen som dei hadde brukt å ringje med, morgon og kveld, og kvilepausar. På flaggstonga vart det norske flagget heist ved spesielle høve, og alltid når det kom besøk frå gamlelandet, som då eg kom der i juni 1980. Det var ein måte for det norske Amerika å gje seg til kjenne, og fortelje om sitt opphav.

Odelssonen vart skogsarbeidar og prest



Karl og Torfinn Stendal

Dei var 10 sysken i heimen Oppi Tuna då den 19 år gamle odelssonen, Karl, i 1926 reiste til Amerika. Foreldra likte lite at han fór. Han var ein likandes kar på alle måtar, og som eldste son var han etla til å ta over garden. Men foreldra var enno unge, berre 41 år, og med så mange born måtte dei ha garden enno i mange år. Dette skjønte både foreldra og sonen. No hadde sonen bestemt seg for Amerika, der han hadde farbrørne Simon og Johan. Han måtte ut, i alle fall for ei tid, ut og tene pengar. Han hadde tenkt å vere vekke ei tid, kanskje fem år. Men før han fór, måtte han love faren at han skulle komme att og ta garden. Slik gjekk det ikkje.

Til billetten lånte han 250 \$ med farbror Johan. Reisa gjekk om Bergen, og der sat han for fyrste gong i ein bil. Med Den Norske Amerikaline sin "Bergensfjord" reiste han frå Bergen til New York, og den 10. oktober var han på jarnbanestasjonen i Tacoma. Der vart han møtt av dei to farbrørne, og Simon køyrde han heim i bilen sin. I døra stod Bertha og ynskte velkommen og sa: "No er heimen din her hos oss." Og Simon sa at slik skulle det vere. Ei god helsing å få i det framande landet. "Dei var som mor og far for meg," sa Karl då vi snakka om dette i 1980.

Karl fortalde at han treivst i Amerika frå fyrste stund. Etter få dagar byrja han på skogsarbeid hos onkel Simon,

fyrst med å kløyve ved, og etter kort tid saman med onkel Johan som var highclimber, høgklyvar, og som styrte med "riggen". Etter nokre år vart Karl sjølv highclimber i kjempetrea, noko han likte skikkeleg godt. Han sparte på dollarane, og då han hadde nok, gjekk han til farbroren for å betale attende lånet til billetten. Men farbror Johan sa nei; det skulle vere gåve.

Etter 10 år som skogsarbeidar fekk Karl ei uro i sitt indre - han skulle verte prest. Han tenkte fyrst at dette var eit innfall som snart ville gå over, og han prøvde å slå det vekk. Han var imot å verte prest; ynskde det ikkje. Han hadde kjøpt 20 acres land i Kent, var forlova med Christine Johnson, og ville gifte seg og setje bu i same området som dei to onklane. I tillegg var han no 29 år, og tykte sjølv han var altfor gammal til å byrje på skule og ta ei lang utdanning. Men han fekk ikkje fred. Opplevde det som eit kall, og kjende på at han *måtte*. Til slutt gav han opp motstanden. Det laut stå si prøve; han kunne ikkje anna. Han gjekk til formannen og sa han ville slutte i arbeidet. Formannen vart forundra, meir forundra då Karl fortalde at han ville gå på skule, og enno meir forundra då han sa han tenkte på å verte prest.

Hausten 1936 byrja Karl på Pacific Lutheran College i Tacoma. Fyrst måtte han ta High School, og det trudde rektor var vanskeleg å klare på fire år for han som berre hadde ein sjuårig folkeskule frå eit anna land, og for så mange år sidan. Men Karl hadde ein verdifull arv frå heimen og heimlandet, ein arv han hadde auka i Amerika: Han hadde lært hardt arbeid. Han gjorde unna High School på to år, gjekk på Augsburg College i Minneapolis i tre år, og etter endå tre år på Augsburg Seminar i Minneapolis var han ferdig utdanna prest. Innimellom hadde han hatt litt arbeid utanom studia for å tene pengar.

I 1944 vart han ordinert som prest i Lutheran Free Church. Fyrste prestetenesta var i Barton i Nord Dakota. I 1940 hadde han gifta seg med Christine Johnson. Ho var organisten hans og følgde han trufast sidan. Dei gjorde teneste i Winger i Minnesota 1946-1951, i Forest City i Iowa 1951-1958. Så arbeidde han som forkynnar for Hauge Lutheran Inner Mission i fem år. Andre prestekall var Kalispell i Montana 1964-1969, Pucwana i Sør Dakota 1969-1971, Ontagon i Michigan 1971-1973, Greenbush i Minnesota 1974-1976 og i Tioga i Nord Dakota 1977-1980.

Karl Stendal var ein av grunnleggjarane av Association of Free Lutheran Congregations. Eitt år underviste han på seminaret deira for utdanning av prestar. Han omsette professor Carl Fredrik Wisløff si truslære "Jeg vet hvem jeg tror på" til engelsk, "I Know In Whom I Believe". Denne truslæra har vore brukt som lærebok på presteskulen til det kyrkjesamfunnet han arbeidde i. Etter 1980 arbeidde han for Morgan Ave. Lutheran Church i Minneapolis så langt helsa tillet det. Det var ei glede å vere til stades på gudsteneste i denne kyrkja ein fin sommarsøndag i 1980 der Karl preika og Christine var organist. Bodskapen var at ein måtte ta mot Kristus.

Eit stykke frå denne kyrkja i Minneapolis ligg ei anna kyrkje som fortel om norsk tilknytning. På kyrkjeveggen står skiltet "Den Norske Mindekirke". *Så norsk* kunne det vere i Minneapolis i staten Minnesota, som er ein av dei mest *norske* statane i USA.

Då Karl var prest i West Prairie Church, fekk dei ikkje nokon til å reparere kyrkjetårnet. Kanskje presten skulle prøve? Han hadde då klatra i tretoppene i skogane i Washington -. Jau, han klatra opp. Og utan anna stillas enn stigar, og med minimal sikring tok han til å reparere kyrkjetårnet. Folk stogga opp på gata. Kva var dette for ein galning? Det var presten. Det vart teke bilete medan presten stod med ein fot i stigen og heldt seg fast med eine handa medan han slo ut med den andre foten og handa og lo så det ljoma oppe på utsida av kyrkjetårnet, utan tau om livet. Etter at biletet med tekst hadde stått i Minneapolis Sunday Tribune 27. nov. 1955, gjekk det i aviser over store deler av USA. I biletteksten vart han kalla "THE CLIMBING PASTOR" (den klatrande presten). Sidan reparerte og målte han fleire kyrkjetårn.

Humorist og alvorsmann

Ein gong vi var saman, peika Karl opp i andletet sitt og gjorde merksam på at han hadde så mykje rukker kring augo. "Det er fordi eg har lett så mykje," sa han og lo. Han kombinerte på framifrå måte å vere alvorsmann, og å vere ein fin humorist og humørspreiar. Han kunne sjå det humoristiske og komiske i dei ymse situasjonar. Og han såg alvorret ved livet og tilværet. Menneskja skal ein gong stå til ansvar overfor Skaparen for korleis dei brukte livet sitt. Då var det berre Guds nåde som kunne hjelpe ein, sa han.

På Noregs-vitjing

Karl var heime i Noreg igjen to gonger, fyrste gongen i 1958 medan begge foreldra levde. Heime i Steindalen var mykje annleis. Dei var 10 sysken då han reiste 32 år tidlegare. To nye hadde komme til seinare. Sjølv var han 51 år, og for fyrste gong treffe han yngste broren, den 31 år gamle Anfinn, nr. 11 i syskenrekkja, og den som hadde overteke garden. Og han treffe den aller yngste av syskena, den 29 år gamle Magnhild. Mora hadde skranta ei tid, og Karl sende bod til broren Torfinn i Amerika, at dersom han ville treffe mora i live, måtte han komme no. Torfinn kom, og dette vart einaste høvet då elleve av dei 12 syskena var samla på ein stad.

Anfinn gjekk med byggeplanar, han trong både nytt våningshus og ny driftsbygning. Då sa Karl til han: 'Hadde du hatt eitt av dei største trea eg har vore med å felle i Amerika, så hadde du hatt nok materialar til å bygge både bustadhus og driftsbygning, og du ville hatt materialar til gode.' Broren såg vantru på han. Kunne det vere sant, eller var det Amerika-skrøne? Det var nok sant.

Ein million år

I 1977 var Karl heime igjen, denne gongen saman med kona. Dei fór rundt og besøkte slekt og vener. Christine kunne litt norsk, og likte svært godt å komme til Noreg og treffe slektsfolket til Karl. Ein sjølvsgad stad å vitje var Ramsdalen. Der hadde Karl vore ei tid i barneåra hos besteforeldra, Tomas og Helle Maria Under Berja, som garden vart kalla. Karl fortalde frå tida i barneåra i Ramsdalen at om kveldane etter han var lagd, låg han ofte og hørde korleis besteforeldra bad for han og familien. Han gløymde det aldri, sa han, og trudde det hadde påverka hans val av livsveg og yrke.

Mellom andre besøkte Karl også ein gammal ven som hadde ein dødeleg sjukdom. Då dei skildest, sa Karl: Vi kjem nok ikkje til å treffast meir her på jorda. Men når vi ved Guds nåde kjem i Himmelen, og har vore i lag der ein million år, så har vi like mykje att som då vi byrja. For æva er endelaus. Det var perspektivet til Steindals-presten, som han har vorte kalla.

Siste utvandrarar frå Steindalen til Amerika

Torfinn Oppi Tuna hadde fylt 17 år vinteren 1927, og var nr. tre i rekkja av 11 sysken, fem brør og seks systre. Minstebroren var berre nokre veker gammal då Torfinn pakka i hop og reiste til Amerika om hausten. To år etter kom endå ei syster til i flokken. Torfinn var svært heimekjær, og det var med stor ulyst han fór. Men det var magre kår i fedrelandet, og vanskeleg å skaffe seg brukande leveveg. Han tenkte han skulle vere borte nokre år for å tene pengar, og det laut han tole om han var aldri så heimekjær, tenkte han.

Saman med han reiste eikefjordingane Abel i Nordtunet i Svarthumla og Rasmus Humlestøl frå Humlestølen. Dei reiste frå Bergen til Newcastle, tog til Liverpool, og med amerikabåten til Quebec i Canada. Derfrå vestover med jarnbana, ei reise som det er fortalt tok om lag sju dagar på harde trebenker.

Torfinn visste kvar han skulle hen. Det var ikkje vanskeleg slik. Den tre år eldre broren, Karl, hadde reist året før, og dei to farbrørne var etablerte tidlegare. Farbror Simon henta han på jarnbanestasjonen i Tacoma, og han vart ynskt velkommen til heimen hans på same måten som Karl hadde vorte: "No er heimen din her hos oss."

Dei tre nykomlingane fekk arbeid i skogen i eit arbeidslag saman med Torfinn sin farbror, Johan. Torfinn beheldt sitt heimenamn, men Abel tok namnet Abel Andersson, og Rasmus kalla seg Roy Olson. Dei arbeidde 8 timars dag seks dagar i veka og hadde fem dollar for dagen. Slik luksus som laurdagsfri var ikkje oppfunne den tida i det miljøet. Fem \$ for dagen var kanskje ikkje den store betalinga, men samanlikna med det ein tidvis kunne tene i heimemiljøet i Sunnfjord, var det bra. I 1924 fekk ein vegarbeidar på Svardalsvegen to kr pr. dag på såkalla nødsarbeid. Ikkje å undrast at folk reiste til Amerika. Rasmus byrja med å kløyve ved til dampmaskinen som skaffa kraft til vinsjane, og etter nokre år på skogsarbeid reiste han til Alaska på laksefiske om somrane. Der fekk han arbeid på ein hermetikkfabrikk som hermetiserte laks. Området var innefrose om vinteren, og Rasmus overvintra der eit par vintrar og hadde tilsyn med fabrikkjen. Dette tente han godt på, og etter kring sju år, og med dollar i lomma, reiste han heim og tok over garden på Humlestølen. (Fortalt av sonen, Kåre Humlestøl.) Abel arbeidde ei tid i skogen, men reiste så til Fairbanks i Alaska der han hadde morbroren Ivar Knapstad. Der vart han verande, og overtok seinare huset til morbroren, er det fortalt. Han var ugift, og var fleire gonger på besøk i heimlandet. (Fortalt av broren, Magnus Svarthumle.)

Lengta heim att til Steindalen

For Torfinn var det bra greitt med fleire forhold. Han hadde arbeid, nære slektningar nær ved, og gode arbeidskameratar. Ein av hans gode og trauste arbeidskameratar var naustedølingen Sigvard Ness, som var i Amerika frå 1926 til 1939. Men ein ting var det ikkje greitt med for Torfinn: Steindalen med barndomsheimen var langt borte. Det var ikkje slik med han som med broren, at han treivst frå fyrste stund i Amerika. Nei, Torfinn hadde ein tærande heimlengt. Kameratane muntra han best dei kunne, og prøvde å avleie tankane på barndomsheimen og Steindalen, men det tok fleire år før det jenka seg så han treivst.

Krigsteneste i Nord-Afrika og Italia

Som amerikansk borgar vart Torfinn kalla inn til militærtjeneste våren 1942, til AIR-FORCE, 32 år gammal. Fyrst fekk han eitt års opplæring som reparatør på flya, og vart i 1943 send til Nord-Afrika i krigsteneste. Då fronten vart flytta til Italia, vart også Torfinn med dit. Der var han til krigen var slutt i 1945. Uniforma si frå denne tida hadde han teke vare på, men dette var ein tidsperiode Torfinn snakka lite om. Då han kom heim frå krigstenesta, byrja han igjen i skogen og felte då tømmer.

Slo seg ned i Kent

I Seattle møtte Torfinn henne som vart kona hans, Ruth Ellen Rhoades, fødd og oppvaksen i staten Ohio, av engelsk slekt. Han var heldig; det var ei trufast og på alle måtar gild kvinne han hadde funne. Dei gifte seg i 1947, og i 1950 kjøpte dei fem acres land med påståande hus i Kent. Der voks dei fire borna opp, Ellen Tora f. 1948, Bruce Torfinn f. 1949, Arvid Mark f. 1952, og Sonja Ann f. 1963. Borna fekk god utdanning.

Av arbeid prøvde Torfinn fleire ting. Nokre somrar var han på sildefiske i Alaska. Ein av dei han var i lag med på fiske, var Matias Vatne, frå Vatne i Naustdal. Ei rekkje år var han på anleggsarbeid, både i Seattle og m.a. på Boeing-bygningane i Kent. Det var hardt arbeid og høgt tempo, og då han var 67 år, pensjonerte han seg.

Søkte det norske miljøet



Utvandringa av ungdom til Amerika var omfattande. Biletet er frå "Norsk Ungdomsforening i Spokane, Washington, Omkring 1910, kanskje 17.mai, der minne frå gamlelandet strøynde på. Foto: Stroum, Nichols Block, Spokane.



Torfinn Stendal f. 1910 var musikalsk med sjeldan god songstemme og godt musikalsk minne. Han spelte også litt fele. Hardingfela fekk han av broren, Harald, då han etter 31 år i Amerika var heime på besøk i 1958. Biletet er teke i heimen hans i Kent, Washington i 1991 av Einar Eimhjellen.

Torfinn søkte stadig kontakt med det norske miljøet i området Kent-Seattle-Tacoma. Då eg var på besøk i 1980, køyrde han rundt til nokre av kjenningane sine. Ein dag var vi i Tacoma og besøkte Mathias Vassbotten frå Vevring, og Sverre Nordheim og Nikolai Hamre frå Naustdal. Torfinn var medlem av Sons of Norway, og i brev har han fortalt at han søkte til Sons of Norway Hall for å treffe folk med norsk bakgrunn, og kose seg med norsk mat. Så tok han gjerne ein tur for veka til Seattle, til området ved Bergen Plass der det var matbutikk med norskætta folk som selde potetkaker og anna. I julebrevet 1987 skreiv han begeistra: 'We skal ha julefest opp i kyrkja vår, ein prest som kan snakke norsk, skal preike. Og so går we rundt juletreet og syngje norske julesongar. Og so har we mykje god mat, løpse, rømmegraut og alt godt.'

Kyrkja som han nemner, er Zion Lutheran Church i Kent. Der gjorde Torfinn mykje dugnadsarbeid under bygginga, og var til

gudsteneste der kvar søndag, fortalde han. Også der var ein treffstad for norskætta.

Torfinn hadde bevart guten i seg. Han var eit godmenne, og ein fin humorist og humørspreiar som lett fekk kontakt med folk. Det var gjort på ein blunk å få kontakt med vilt framande menneske. Han var impulsiv, og kunne fantasere. I julebrevet 1983 skreiv han: 'Eg såg deg nede i elva (Naustdals-elva) ein dag. Du hadde ein stor laks, og eg fekk ein òg, so we hadde ikkje tid å snakke!' Fiske og jakt var hobby. Farbrørne hadde svære camping-bilar, og saman hadde dei mykje glede av fisketurar i elvar og innsjøar. Då eg kom der 7. juni 1980, laga dei til gjestebod i heimen, og Ruth serverte laks av typen steelhead som Torfinn hadde fiska.

Med songskatt frå Steindalen

Noko av arven Torfinn hadde med frå heimlandet, og som han hadde mykje glede av, var folkesongar og salmar. Han hadde ei uvanleg god songrøyst, og det var ei lyst å høyre han syngje. Han song så det ljoma når vi var ute og køyrde i Amerika. Hadde han fått skoloring, kunne han truleg nått langt med songen sin. "Kvar har du desse songane frå?" spurde eg. "Frå skulen" svara han og såg på meg, forundra over at eg kunne spørje om det. For det var sjølv sagt for han; og han hadde sunge songane og salmane inn så dei sat i minnet. Denne skatten var arv frå skulen i den gamle, slitne sperrestova i Høgja i Steindalen. Derfrå hadde han fått med seg kulturverdiar som følgde med utover tid og stad og fekk verknader for tru, tanke og kjensleviv.

I det gode minnet sitt hadde han også teke vare på slåttar og musikkstykke han hadde lært av faren og farbrørne. Lang tid etter, i 1992, var Einar Eimhjellen frå Naustdal i Kent og fekk Torfinn til å tralle og delvis spele dei gamle melodiane. Fleire av dei var til då ukjende for Eimhjellen, og vart nedteikna på notar og tekne vare på.

Heim att tre gonger

Torfinn var heim att til gamlelandet tre turar, fyrste gongen i 1958 då han kom åleine. Karl var då fyrst kommen heim og ringde til Torfinn og sa at dersom han ville treffe mora i live, måtte han komme no, elles kunne det verte for seint. Så var han heime igjen i 1975 saman med kona, Ruth, og yngste dottera, Sonja. Denne gongen var også syskenbarnet Noreen, dotter til Simon, og mannen hennar, Bob Tømmervik, heime på same tid. Torfinn kom att tredje gongen i 1986 saman med Ruth og dottera, Ellen og mannen hennar, John Wood. Men denne gongen var det tungt å vere heime i Steindalen. Yngste broren, Anfinn var alvorleg sjuk. "Han låg for det meste på hospitalet då eg var heime," skreiv Torfinn sorgmodig etter at Anfinn var død. "Onkel Johan er gådde òg," la han til; "eg gjekk mykje til han og hjalpde han. We hadde ei god tid." Han sakna dei mange som var borte av den nære slekta, og av norske vener og kameratar som han hadde hatt nær omgang med.

Sjølv hadde han god helse like til dei par siste åra, og vart nesten 90 år, f. 6/2-1910, og døydde 29/10-1999. Mellom dei seks barneborna er ein soneson som heiter Torfinn Stendal, og ber namnet vidare. Under gravferda, der pastor John Strand forretta, lydde Salme 23 frå Bibelen om Herren som min hyrding, og at det då ikkje skal vante noko. Syskenbarnet Joanne Donnellan knytte kontakten til musikktradisjonen i slekta og spelte på hardingfele "Seterjentens søndag" av Ole Bull, og "Andreas-valsens" frå Steindalen. Siste utvandaren frå Steindalen til Amerika hadde fått kvile, og lengta ikkje lenger heim att

Utflyttarane gløynde ikkje heimegrenda

Vi sit i stova til morbror Johan K. Stendal i Kent, Washington i juni 1980. Han er 79 år, f. 23/4-1901. Eg spør han ut om livet hans og sit med papir og penn og noterer. Fyrst, kva han dreiv med før han drog til Amerika i 1923? Etter konfirmasjonen var han heime nokre år. Tre av desse vintrane var han på torskefiske i Bremanger. Siste vinteren saman med broren, Albert, og svogeren Lars Stendal. Då hadde Lars lånt ein seksæring på Gryta, og dei tre karane rodde frå Gryta til Bremanger på ein dag. Segl hadde dei ikkje. Dei fekk husly hos Hans Torvanger og fekk godt med fisk på pilk. Men fisket på Bremangerhavet passa ikkje godt for Johan, for kvar dag når det var bære, fekk han sjøverk. "Eg tenkte det måtte finnast ein betre måte å leve på enn å måtte spy når eg skulle arbeide," sa han og lo. Han sparte pengar frå fisket og hadde nok til å gå på amtsskulen på Nordfjordeid. Det opplevde han som ei god tid og hadde mykje nytte av det seinare. Etter eksisen fekk han arbeid i Bergen hos Olav Bergesen, som dreiv transportarbeid i byen med hest og vogn, og hadde 14-15 hestar. Mat og hus fekk han hos den snille arbeidsgjevaren og sparte opp dei 1200 kronene som Amerika-billetten kosta. Då var han nesten snau for pengar, og lånte 300 kr hjå svogeren, Lars, for å ha på turen kva som skulle komme på.

I bryllaupet til systera, Anna, sa han farvel med slekt og vener. Det var visst lettare å gjere det der, på Reiakvam, enn å gå frå hus til hus i Steindalen og ta i handa.

Så spør eg om arbeidet hans i Amerika frå han kom dit. Han fortel om skogsarbeidet saman med kameratar frå Sunnfjord og med den ti år eldre broren, Simon, som arbeidsformann. Og han fortel om korleis han rydda ny farm i Kent på 80 acres, og dreiv som farmar med over førti mjølkekyr pluss ungdyr av Jersey-fé til han til slutt selde farmen til tomteland. Men han nemner ikkje med eitt ord at han då vart ein velhalden mann, rik etter norske forhold. I 1931 vart han gift med Alma Nesland f. 4/1-1902. Foreldra hennar var frå Lofoten.

Frå tunet deira i Kent er utsyn mot søraust til det praktfulle Mount Rainier med isbrear og snøkledd topp, 4391 m over havet. Fjellet er ein utbrend vulkan, og høgste toppen i den mektige fjellrekkja Cascade Range som går nord-sør eit stykke aust i Washington, parallelt med Stillehavet. Johan og Simon likte å sjå dette fjellet, og moroa seg med å kalle det Håsteinen, høgaste fjellet i Steindals-dalføret, 932 moh! "Dar æ Håsteinen," sa dei og lo, når dei fekk besøk heimanfrå.

I 1967 hadde Johan avvikla farminga, og han og kona tok ein tur på nokre månader til Europa og Noreg. Eg spurde kva det var som gjorde mest inntrykk på han på den turen.

"- Du ve 'kje tru det," svara han. "Det var ikkje London og Paris. Det var ikkje det eg såg i England, Frankrike, Belgia, Tyskland og andre land i Europa. Heller ikkje var det Oslo med Bygdøy og vikingmusea, og flott norsk natur som vi såg mange stader.

Det var å vere i Stenndalen - det var det største for meg.

Eg kunne gå time etter time ute på tunet og sjå rundt meg - inn i markja, sør på Lia, ut på Korsskaret og Håsteinen, opp på Steindalsfjellet - -

Og neste dag på same måten - -" Han stoppa litt før han heldt fram:

"Alt va slik so eg hadde sett da fyre meg i alle dei 44 åra i Amerika! Eg kjende da igjen, alt." - -


Han stoppa opp, vart still, og lente seg attende i godstolen. Den sterke skogsarbeidaren og nybrotsmannen med harde arbeidsnevar vart fjern i blikket og såg liksom langt fram for seg -

Vi sat begge stille, og eg spurde ikkje meir på ei lang stund. Eg skjønnte at endå ein gong var han på langfart. I tankane fór han over hav og fjell - til ei fjellgrend i Sunnfjord. Igjen var han i Steindalen, slik han hadde vore så mang ein gong i dei 57 åra sidan han sa farvel og drog. Igjen såg han for seg heimetunet og husa, Steindalsfjellet og Håsteinen, og han kunne seie som Gunnar på Lidarende: "Fager er lii, så at ho aldri har synst meg fagrare - -". Han mintest barne- og ungdomsår, i lek og arbeid. Såg for seg kjære og kjende, - og mykje meir såg og mintest han - - Var det slik det var å vere emigrant? tenkte eg.

Der ein har gått berrføtt i graset som barn,

der har ein sitt hjarte.

Der høyrer ein heime - -



I denne boka fortel Olav Stendal om liv og lagnad i fjellgrenda Steindalen, også om utvandrarane frå denne grenda. Boka er til sals hjå forfattaren. (Tilført av Sigmund Svoen)